

Resultatregneskap

	2018	2017
Driftstilskot Helse Vest	62 847 001	60 605 002
Andre inntekter/refusjonar	3 399 576	2 026 018
Sum driftsinntekter	66 246 577	62 631 020
Pasientkostnader	1 519 989	1 448 277
Lønskostnader m.m	53 857 554	51 563 727
Avskrivning på driftsmidlar	1 589 340	1 175 000
Andre driftskostnader	6 731 949	7 418 314
Sum driftskostnader	63 698 832	61 605 318
Driftsresultat	2 547 745	1 025 702
Resultat finanspostar	1 011 711	72 924
Årsresultat	1 536 034	1 098 626



Årsmelding 2018

Voss DPS NKS Bjørkeli




Voss DPS
NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Hordaland,
Bjørkelivegen 27, 5705 Voss
tlf. 56 52 39 40 / fax. 56 52 39 41
post@bjorkeli.no / www.bjorkeli.no
org.nr. 916 270 097

Voss DPS NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli A/S (Voss DPS) gjev tilbod om utgreiing og behandling av personar over 18 år med psykiske lidingar. Opptaksområdet vårt er kommunane Voss, Vaksdal, Kvam, Ulvik, Granvin og Eidfjord. Til saman utgjer dette ca. 24.000 vaksne, fordelt på eit geografisk areal på 5,500km².

Organisasjonskartet såg slik ut i 2018:



Styret i Voss DPS er leia av styreleiar *Ragnhild Skjerveggen*. Direktør ved senteret er *Frédéric Larsen*. Voss DPS har driftsavtale med Helse Vest RHF. Voss DPS er eigd av NKS Hordaland.

Aktivitet 2018

	Henvisningar	Konsultasjonar/ Innleggingar	Snitt liggetid (dagar)
Poliklinikk	473	8217	-
Døgn (12 senger)	114	140	21
Sum	587	-	-

Voss DPS hadde ei auke på 14% i poliklinisk aktivitet i 2018 frå året før.

Brukarstyrt plass

Voss DPS har tilbod om brukarstyrt plass der pasientane sjølve kan ta kontakt for ei kortvarig innlegging utan tilvising frå lege. 15 pasientar hadde avtale om brukarstyrt plass i 2018. Det var 7 brukarstyrte innleggingar.


Brukarutval

Voss DPS har brukarutval der 2 brukarar er faste medlemmer. I tillegg vert pasientar på døgnavdelinga inviterte på møta. 2 tilsette er medlemmer. Utvalet tek opp saker som gjeld tilbodet ved Voss DPS og kjem med forslag til endringar og forbetringar. Utvalet fungerer som eit rådgjevande organ for Voss DPS. Brukarutvalet hadde 4 møter i 2018.

Kvalitet

Voss DPS har fokus på kvalitet i tenestene og skal levera på gjeldande kvalitetsindikatorar. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitetsforbetring, og me har gode system som tek hand om rapportering og oppfølging av avvik. Voss DPS har Kvalitets og pasientsikkerheitsutval (KPU) som ledd i kvalitetskontrollen. Det var 4 møter i KPU i 2018.

Det vart i 2018 registrert til saman 173 avvik og 12 forbetrimeldingar ved Voss DPS.



Helse- miljø og sikkerheit

Vernetenesta ved Voss DPS har 3 verneombod. *Terje Gjernes* er hovudverneombod. AMU hadde 4 møter i 2018. Bedriftshelse1 deltek på møta i AMU. Det er utarbeidd eigen årsmelding for AMU-arbeidet.

Studentar i praksis

I 2018 har me hatt 2 legestudentar, 4 sjukepleiarstudentar, 1 ernæringsstudent og 1 psykologstudent i praksis.

Tilsettingar

I 2018 tilsette me 3 psykologer: *Pia Silvana Entner*, *Øystein Ottesen Nødtvedt* og *Andrea Varga Weme*. Me tilsette 2 LIS-legar: *Irfan Shakoori* og *Suranga Wickramanayake*. Me tilsette 1 konsulent med master i psykologi, *Lars Dyngeland*. *Astrid Aunan* vart ny avdelingsleiar for poliklinikkane i juni 2018.

Poliklinikkane

Avdelingsleiar: *Astrid Aunan*

Avdelinga har 3 seksjonar: Allmennpsykiatrisk poliklinikk, Rehabiliteringspoliklinikken og Gruppepoliklinikken. Desse har kvar sin teamleiar, høvesvis *Eva Sunde*, *Sigrud Denver* og *Linda-Synnøve Skaar*.

Avdelinga har ei tverrfagleg samansetning av lege, psykolog, ergoterapeut, psykomotorisk fysioterapeut, klinisk sosionom, sjukepleiar og vernepleiar, alle med ulike vidareutdanningar. Nokon ressurspersonar jobbar på tvers av dei ulike seksjonane.

Døgnavdeling

Avdelingsleiar: *Anne Kari Gjeraker*
Ass. avdeleiar: *Mona Stalheim*

Døgnavdelinga er ei allmennpsykiatrisk avdeling med 12 senger. Behandlingstilbod er kartlegging /diagnostisering, medisinvurdering, korte stabiliseringsopphald, miljøterapi og individuell terapi. Behandlinga er individuelt tilpassa. Det vert jobba med å laga målretta og gode behandlingsplanar i tett samarbeid med pasienten.

Opning

16. november 2018 vart den offisielle opninga av nye Voss DPS markert, med mange gjester til stades, mellom andre ordførar Ringkjøb og representantar for NKS sentralt og NKS Hordaland, i tillegg til samarbeidspartnarar frå Helse Bergen med fleire. Eigenkomponerte musikkstykket blei framført av tilsette og pasientar, og ein cover av Lean On Me der også direktøren medverka. Det var talar frå leiar av NKS Hordaland, *Olaug Borge*, styreleiar *Ragnhild Skjerveggen* og ordførar *Hans Erik Ringkjøb*, i tillegg til direktør på Voss Sjukehus, *Olav Lødemel*, tidligare direktør *Gerd Sandstå*, noverande direktør *Frédéric Larsen*, med fleire. Voss DPS mottok mange gåver, i form av kunst, og ein sjekk på 100 000 kroner frå NKS Hordaland for å starta planleggingsarbeid med etablering av ny hage. Det var ei fin markering som òg fekk oppslag i lokalavisa Hordaland.

Diverse

• Utekontor og ambulante tenester:

Voss DPS NKS Bjørkeli har utekontor i Toloheimen. Den er bemanna med to psykologar ein dag for veka (til saman 40% stilling). Utekontoret leverer polikliniske tenester til Kvam herad. Psykiatrisk rehabiliteringsteam utførte polikliniske tenester ambulant i 22% av alle konsultasjonar i 2018.

Styret ved Voss DPS NKS Bjørkeli AS, etter generalforsamling, 22.06.2018

Ragnhild Skjerveggen (styreleiar)
Olaug Borge (nestleiar/styremedlem)
Björg Wiers (styremedlem)
Marianne Bergtun (styremedlem)
Haldis Anita Rein (styremedlem, valt av dei tilsette)
Runa Gyldenskog (styremedlem, valt av dei tilsette)
Frøydis Hole (observatør, valt av brukarutvalet)

Det vart haldd 4 styremøter i 2018.

Voss DPS NKS Bjørkeli, 7. mai 2019
Frédéric Larsen
Direktør




Omvising i hovudbygg, gruppepol, med tidlegare tilsette (pensjonistar)



Nybygget med sløret på



Vaktmeistern sin nye heim (verkstaden) under nybygget.



Vaktmeister Steinar Kvarme tettast dør til økonomisjef, hovudbygg



Nye dørskilt til alle kontor, spesialdesign



Frå sorenskrivargard til nybygg, stove på rehab.pol.



Fargerike skap i garderoben må til



Psykologen flyttar inn.